

**OED**  
**Postboks 8148 DEP.**  
**0033 OSLO**

**25.09.2014**

## **Høyringsvar til rapport frå ekspertgruppe om framtidig organisering av straumnett i Noreg.**

Austevoll Kraftlag SA er eit kundeeigd samvirkeleg med konsesjonsområde i Austevoll kommune - ein øykommune vest for Bergen – utan fastlandsforbindelse. Verksemda driv med nett, kraftomsetning og breiband. Verksemda har knapt 4.000 nettkundar, og av desse er rundt 90% også kundar på kraftsida. Den store marknadsandelen har nok si forklaring i at kundane ser fordelane med å handle i sitt eige kraftselskap. Kraftlaget vart stifta som eit «lutlag» i 1946, og vart i 2010 omdanna til eit «ekte» samvirkeleg - organisert etter samvirkelova.

Austevoll Kraftlag har gått gjennom rapporten frå ekspertutvalet. Vi kjenner oss i stor grad igjen i skildringa av eit nettsystem som fungerer godt, og vi stiller oss bak mange av utvalet sine forslag til endringar. Men vi ser også at det er forslag til endringar som vil få negative konsekvensar for Austevoll Kraftlag sine nettkundar:

- Forslaget om eit funksjonelt og selskapsmessig skilje vil vera ei fordyrande og byråkratisk ordning, der ulempene for Austevoll-samfunnet står i eit klårt misforhold til nytten.
- DEA modellen er for grov til å forsvare at eigne kostnader skal vege berre 30% i utrekning av framtidig inntektsramme, mot noverande 40%.
- Forbod mot sal av tenester med innsats frå personell frå monopolverksemda vil fordyre nettdrifta og redusere beredskapsevna til selskapet.
- Minimumsavkastninga representerer ein tryggleik for at ekstreme hendingar som t.d Dagmar ikkje fører til at selskapet går konkurs.

### **Funksjonelt og selskapsmessig skilje for selskap som har mindre enn 100.000 nettkundar:**

Austevoll Kraftlag forstår godt at utvalet held prinsippet om nøytralitet og objektiv sakshandsaming høgt. Det er viktig at selskapa opptre ryddig både i kommunikasjon med kundar og at kostnader vert ført der dei høyrer heime. I Austevoll Kraftlag nyttar vi kompetanse og personell på tvers av forretningsmessige skilje og avdelingar. Dette bidrar til å redusere kostnader og auke effektivitet – til beste for kundane.

I Austevoll har vi samlokalisert Austevoll Kraftlag SA, Austevoll Vatn og Avløp SA, fiberverksemda «Lysglimt», Austevoll Kart AS og Austevoll Utbyggingsselskap AS. På den måten

kan vi ta ut synergier mellom verksemdene og driver samdrift der vi kan spare personell og materiell. Til dømes har vi sikkert landets einaste tilsette i VA-verksemda med nedfiringskurs slik at dei kan gå vakt og delta i beredskapen for nettverksemda.

Når dette er sagt, må vi også si at det er stor fokus på økonomisk ryddig og ordentleg opptreden varsemdene imellom, noko økonomisk tilsyn frå NVE også har stadfesta.

Eit funksjonelt og selskapsmessig skilje vil gjere det nødvendig å opprette fleire dobbelfunksjonar. Dette vil nødvendigvis måtte bli fordyrande, og vi saknar framlagt eit reknestykke som viser ein samfunnsøkonomisk gevinst av å innføre eit slikt skilje. Vi viser også til at EU/ ACER ikkje vil pålegge selskapsmessig og funksjonelt skilje skilje for selskap som har mindre enn 100.000 kundar.

### **Endring i vekting av eigne kostnader:**

Då DEA-modellen for eit par år sidan vart endra, råka dette Austevoll Kraftlag på ein etter vår meining urettmessig måte – bl.a. ved at kystklimaparameteren vart endra. Effektane av dette varsla vi til NVE i samband med høyringsrunda. Endringane fekk store effektar i forhold til vår effektivitet.

Det er ved fleire høve og frå fleire hold tidlegare peika på at DEA-modellen er ein teoretisk modell med fleire svakheiter, og mange nettselskap har synleggjort store variasjonar i effektivitet frå eit år til eit anna – bl.a. som følge av teoretiske utrekningar av framtidige pensjonskostnader.

I så måte syner modellen at den har utslag som ikkje har samanheng med faktisk effektivitet. Austevoll Kraftlag har installasjonar på 22 øyar – dei fleste av desse veglause og kan berre rekkjast med båt. Dette meiner vi modellen ikkje fangar opp. Før normkostnadsandelen i reguleringsmodellen skal aukast frå 60% til 70%, må DEA-modellen kvalitetssikrast slik at effektivitetsberekningane får slike utslag som ein har sett etter at modellen vart endra sist.

Oppsummert er det vår vurdering at målt effektivitet ikkje heng saman med graden av rasjonell drift dei gjeldande år. Det vil såleis vere uforsvarleg å auke «normselskapet» si vekting i utrekning av inntektsramma. På sikt kan dette redusere selskapet si evne til å investere i nødvendig infrastruktur. Vi tilrår heller at nettselskapa sin eigen kostnad vert vekta med 50 %.

### **Forbod mot kommersiell verksemd saman med monopolverksemda:**

Utvalet påstår at det er for mykje «samrøre» mellom nettverksemda og tilgrensande aktivitetar slik som breidband, entreprenørtenester, mv og ekspertutvalet tilrår såleis at nettselskapa ikkje skal kunne selja tenester til andre selskap.

Austevoll Kraftlag har satsa målretta på å auke tilgangen på personell og andre ressursar i ein beredskapssituasjon gjennom å samle og samlokalisere verksemdar som tidlegare omtalt. Så langt er det i hovudsak sal av tenester frå dei andre verksemdene inn til nettselskapet, men ved nokre høve har det også vore sal av tenester andre vegen.

Vi vil rå til at dette punktet vert moderert og at det kan vere opning for nyansar som gjer det mogleg å drive nettet effektivt og dertil oppnå ein god lokal beredskap med evne til å takle auka utfordringar som fylgje av meir ekstremvær.

---

Adresse:	Telefon:	Telefaks:	Bankgiro:	Foretaksnr.:
5397 Bekkjarvik	55 08 00 00	55 08 00 01	5202.05.65756	959 254 893

**Bortfall av minimumsavkastninga:**

Utvalet tek til orde for at ein bør vurdere å fjerne minimumsavkastninga. Vi viser til argumentasjonen knytt til DEA modellen tidlegare i høyringsuttalen, reguleringsmodellen er etter vår vurdering ikkje presis nok til at eit slikt forslag kan gjennomførast. Ettersom minimumsavkastninga er null, er det ikkje slik at selskap over tid kan spekulere i å legge seg på minimumsavkastninga.

Utan eit sikkerheitsnett som minimumsavkastninga representerer, er det fare for at ekstremvær og ekstreme hendingar som ligg utanfor selskapa sin kontroll kan medføre så store kostnader at eit selskap kan gå konkurs. Vi ser ikkje at det er samfunnsøkonomisk eller på andre måtar rett at eit nettselskap skal måtte risikere å gå konkurs etter ei tilfeldig hending som til dømes Dagmar. Forutsigbarheit er svært viktig for å sikra nødvendige investeringar framover, å fjerne minimumsavkastninga vil auke risikoen og usikkerheita. Nettselskapa vil då måtte vurdere høgare krav til avkastning, og færre prosjekt vil bli gjennomført.

**Koordinerande DSO:**

Utpeiking av DSO er heimla i EU's eldirektiv 3. For Austevoll Kraftlag er det naturleg at ein tek utgangspunkt i dagen KSU område og definerer dei nye oppgåvene som tillegg til dei eksisterande KSU oppgåvene. Dette er også logisk sett i forhold til at man går inn for å slå saman regionalnettet med distribusjonsnettet.

Austevoll Kraftlag ser ingen stor skilnad i oppgåva som tidlegare låg til KSU selskapet og oppgåva som vert lagt på DSO. For begge desse rollane handlar det om å skaffe seg ei totaloversikt over nettbiletet innanfor eit definert område og utføre nettanalyser med omsyn på at nettet skal takle noverande eller framtidig overføringsoppgåve. Det nye er at DSO'en skal ha mynde til å pålegge ein netteigar investeringstiltak i sitt nett dersom dette er den nettinvesteringa som samla sett er mest samfunnsøkonomisk. Denne tildelinga av mynde til DSO'en har vi ikkje problem med å akseptere.

Arbeidsmengda for DSO'en ser vi vil variere mellom ulike område i landet og vil vere avhengig av lokal utvikling. I område med spreidd busetnad synes den skisserte oppgåva for DSO'en å vere nokså avgrensa. Man må derfor passe seg for å opprette eit forvaltningsapparat med ein kostnad som ikkje står i forhold til nytteverdien.

Austevoll Kraftlag ser for seg at DSO oppgåvene vert finansiert av tildelt inntektsramme til det selskapet som får tildelt DSO rollen.

**Kjøp av interne tenester:**

Dagens regelverk er tydeleg på at interne transaksjoner skal skje til marknadsvilkår. Austevoll Kraftlag ser difor ikkje behov for nytt regelverk for å unngå kryssubsidiering. Nettselskapa er underlagt eit omfattande regelverk for innkjøp. Forsyningsforskrifta legg sterke føringar for store innkjøp. Det generelle regelverket for offentlige innkjøp sørgjer såleis for konkurranse på dei fleste områda i verksemda. Selskapa har i tillegg stor eigeninteresse av å bruke minst mulig pengar på innkjøp og det kan ikkje vere behov for innskjerpingar på dette området. Krava i forsyningsforskrifta, med eventuelle presisjonar, skulle såleis vere tilstrekkeleg.

---

Adresse:	Telefon:	Telefaks:	Bankgiro:	Foretaksnr.:
5397 Bekkjarvik	55 08 00 00	55 08 00 01	5202.05.65756	959 254 893

### **Fjerne kompetanseforskrifta:**

Beredskapsforskrifta skisserer kravet til nettselskapa med omsyn til beredskap og leveringstryggleik. Det bør vere opp til dei ulike nettselskapa korleis dei bygger opp beredskapen med omsyn på tilgang til kompetanse og materiell. Austevoll Kraftlag vurderer det samfunnsøkonomisk optimalt at nettselskap står fritt til å inngå forpliktande samarbeidsavtalar med andre om tilgang på spisskompetanse som ein finn rett å ha i eigne rekkjer.

### **Oppsummering**

Austevoll Kraftlag støttar rapporten sin målsetnad om eit straumnett som møter samfunnet sine krav til transportkapasitet og leveringskvalitet og ei nettforvaltning prega av effektiv ressursbruk og lågast mogeleg kostnad.

Vi ser med bekymring på at fleire av utvalet sine forslag etter vår vurdering vil føre til auka byråkratisering og kostnader til administrasjon.

Vi er tilfredse med at utvalet ser at det ikkje er signifikante forskjellar på effektivitet og leveringskvalitet mellom store og små selskap. Det er imidlertid store forskjellar mellom dei mindre selskapa. Nokre er blant dei beste, og andre blant dei dårlegaste.

Vi har eit godt fungerande kraftsystem i dag, med eit av verdas best fungerande kraftmarknader og høg leveringssikkerheit. Organiseringa av energiselskapa er svært ulik rundt om i Noreg og det er sjølvsagt rom for forbetringar. Austevoll Kraftlag meiner det er fornuftig å stille krav om endringar som sikrar ei fortsatt effektiv kraftforsyning i alle deler av landet, og gjev rom for lokale tilpassingar og god lokal beredskap. Det vert arbeidd målretta med ytterlegare tiltak til forbetringar og effektivisering til dømes gjennom utstrekt samarbeid. Vi kan her nemna samarbeid om t.d. beredskap i det regionale «IFER», innkjøp og AMS.

Eigarar og selskap må få god tid på seg til å gjennomføre eventuelle endringar for å sikre en god kraftforsyning også i ein omstillingsperiode. Rapporten sitt framlegg om ein tre års overgangsperiode for innføring av nye krav av omfattande karakter, bør gjelde generelt.

Vennleg helsing  
Austevoll Kraftlag SA

Geir Bergflødt  
Adm.dir

---

Adresse:	Telefon:	Telefaks:	Bankgiro:	Foretaksnr.:
5397 Bekkjarvik	55 08 00 00	55 08 00 01	5202.05.65756	959 254 893